



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-151	22/1019

### HØYRINGSSVAR NYTT INNTEKTSYSTEM

#### Vedlagte saksdokument:

Høringssvar forslag nytt inntektsystem frå Vaksdal kommune  
2022-11-08-Horing-NOU-2022-10-Inntektssystemet-Naturressurskommunene

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttalen til forslag om nytt inntektssystem vert vedteke slik den ligg føre, og sendt inn.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune er oppmoda om å gje høyringsuttale på forslag til nytt inntektssystem for kommunane NOU 2022:10.

Forslaget til nytt inntektssystem er eit komplisert forslag med mange parameter som går i fleire retningar. Dersom ein endrar på ein parameter så kan det ha konsekvensar for ein annan. Slik forslaget til høyringsuttale ligg føre er det fokusert på dei overordna og prinsipielle spørsmåla som utvalet stiller, og ikkje ned i detaljane på kvar enkelt nøkkel. Det kan vere ynskje frå politisk nivå å legge til noko på dette ut frå politisk ståstad men forslaget frå administrasjonen er eit forslag som er meint som eit overordna perspektiv på utvalet sitt forslag, og ein uttale på det.

Det prinsipielle og mest viktige for Vaksdal kommune er forslaget som utvalet kjem med om å trekke kraftinntektene inn i inntektssystemet til kommunane. Dette er eit brot på samfunnskontrakten som kraftkommunane har, som følgje av dei naturressursar som kommunane har gjort tilgjengeleg for storsamfunnet. I etterkant av utvalet sitt forslag kom regjeringa med ei kunngjering 28.09.22 som omhandlar det same tema, men likevel ein annan form. Det var då mellom anna eit forslag om at trekk i rammetilskot som følgje av konsesjonskraft skulle vere eit eittårig trekk.

Høyringsvaret omtalar begge forslaga om reduksjon i inntekter pga kraft, då den overordna konsekvensen for Vaksdal kommune at inntektene blir redusert som følgje av at kommunen har konsesjonskraft. Høyringsvaret er meint som eit svar på at dette og at dette er noko kommunen er samla ueinig i.

Heile h yringsdokumentet kan finnast p  regjeringa sine heimesider og heitar «NOU 2022:10  
Inntektssystemet for kommunene».

[https://www.regjeringen.no/contentassets/63a615913ef6467e8cb35e139e056e77/nou-2022\\_10.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/63a615913ef6467e8cb35e139e056e77/nou-2022_10.pdf)